Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sola

Emne: Lyngjing og mosing

Bygdelag: Tjøreneset.

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Tor Meling, bonde, f. på Meling 1888.

SVAR

I.

A.

1. T.M. har ikkje vore med på å slå lyng sjølv, men på Haga slo dei av og til åkelyng i Snödemarkjå, helst når det var ringt om anna fôr. Det vart heilt slutt med det kring 1900.

2. Det var om våren dei slo lyng, og dei kalla det lyngslått, vera på lyngslått.

3. Dei slo lyngen med ein sers ljå. Han var omlag 2 tomor breid og stuttare enn ein vanleg ljå. Orvet var som vanleg. Dei tok bare toppane. Dei brukte mykje lyng til brenne når dei bakte. Den reiv dei, det galdt om å få med mest mogeleg av rötene. Den låg på marka og turka ein dags tid før dei brukte den.

4. Lyngslåtten var mannfolkarbeid.

(6.) Dei stappa lyngen i sekker og kjörte han heim.

5 Ukjent

7. Ukjendt, men T.M. trur at dei slo så dei hadde mat til ei vika.

8. T.M. e ikkje heilt viss på dette. Det var mjölke-kyrne som fekk den, og han trur at dei fekk den einast slik som ~~han~~ den var.

13445

9. Den lyngen dei slo om våren, var ikkje so god; men om hausten var han fin, han var feitare då. Sjå nedanfor under B.

B. Terik Falkinsen Meling (f. på Rubö i Skjernarøy ca. 1845, kom til Meling ca. 1865) let kyrne gå ute til jul omtrent. Han lika ikkje å ha dei ute dersom det vart for mykje snö; endå mindre likte han isen. Dei beitte på lyngen, men han fôra dei mest som vanleg inne attåt. Han sa at han såg det på fløyten når dei fekk lyng, den vart gul og fin.

II. Ukjent.

13445